

Tove Bull:

## PRINSIPP OG IDEOLOGIAR BAK NORSK RETTSKRIVINGSNORMERING

All medviten standardisering av språk og all språknormering, og dermed all rettskrivingsnormering, har to grunnlag: eit vitenskaplig og eit ideologisk. Her skal vi konsentrere oss om det ideologiske. Det vil seie at denne artikkelen i hovudsak tar opp til drøfting dei verdivala som direkte eller indirekte ligg bak nyare norsk rettskrivingsnormering. Eg vil vidare freiste å sjå på sider ved den konkrete normeringspraksisen i lys av desse verdivala.

Artikkelen er ein noko revidert versjon av eit foredrag halde på konferansen «Språkideologi og språkplanlegging i Noreg» på Geilo hausten 1990<sup>1</sup>. Eg går ut frå at grunnen til at arrangørane av denne konferansen bad meg om å halde foredrag, er at eg som leiar for Norsk språkråd må seias å ha ein nokså sentral plass innafor offisiell norsk språknormering. Eg er litt urolig for eventuelle konsekvensar av ein slik grunn. Dersom lesarane ventar seg ei framstilling om ideologien bak norsk rettskrivingsnormering som er stempla «offentlig godkjent», får dei noko anna enn det dei ventar. Eg taler ikkje på vegner av Språkrådet. Det er mine personlege syn eg vil legge fram her. Dei er sjølv sagt iallfall delvis blitt forma av dei røynslene om lag ti års språkrådsarbeid har gjeve meg. Eg ser det ikkje her som mi oppgåve å forsvare alle rettskrivingsvedtaka Språk-

---

<sup>1</sup> Takk til alle som på konferansen kom med konstruktive framlegg særlig til endring av modellen min i Fig 2. Ein særlig takk til Lars S. Vikør som etterpå skriftlig har gjeve meg gode råd, som eg for ein stor del har følgd. Han er opphav til at den opphavlige todelinga mi i instrumentalistisk versus samfunnsmessig eller språksosial ideologi er blitt splitta i tre og har fått føydd til seg det eg har kalla estetisk ideologi.

rådet har gjort, eller kjem til å gjøre for den del. Eg vil heller prøve å sjå med ein viss distanse og eit kritisk blikk på arbeidet i Språkrådet.

Enda ei presisering vil eg gjøre her i innleiinga. I det brevet eg fekk da eg blei beden om å halde foredrag, seier arrangørane noko om korleis dei hadde tenkt at vinklinga skulle vere:

«Vi ønskjer at dette innlegget – i motsetnad til det generelle innlegget rett før på programmet – tek opp det konkrete arbeidet med norsk rettskrivningsnormering etter krigen, kva ideologiar og prinsipp som ligg bak. Her kunne ein altså tenkje seg ein ideologianalyse av Språknemnda og Språkrådet.»


Eg har freista å halde meg lojalt til det oppdraget eg har fått. Men dei konkrete normeringsdøma mine er stort sett henta frå den næraste fortida. Det vil seie at eg knapt kjem til å komme inn på arbeidet i Språknemnda.

Eg har no avgrensa oppgåva mi til å konsentrere seg om verdival i nyare rettskrivningsnormering. Bak det ligg ei sannkjenning av at språkplanleggarane eller språknormerarane alltid står overfor alternativ å velje mellom. Bakgrunnen for det igjen er den banale, men fundamentale sanninga at naturlige språk er varierende og skiftande, at språk er i stadig forandring, at språk ikkje er statiske, men dynamiske. Variasjon fins på alle nivå i språket, frå den minste eller mest subtile fonologiske stilskilnaden i ein einskild dialekt til store og grunnleggande skilnader mellom to uskyldige språk. Variasjonen er interindividuell og intraindividuell. Det er såleis faktiske skilnader og faktisk variasjon som ligg til grunn for dei alternativa ein kan stille opp når ein skal velje mellom språk, mellom ord eller former i ein gjeven normerings- eller standardiseringssituasjon.

Eit par ord om omgrepsbruken min. Som det alt har gått fram, bruker eg omgrep som språkplanlegging, standardisering og normering. Eg ser ingen grunn til å drøfte i detalj korleis desse omgrepa bør defineras her. Eg bruker orda stort sett i samsvar med gjengs faglig språkbruk, utan at det alltid i denne samanhengen er grunn til å skilje skarpt mellom innhaldet i dei tre omgrepa. Med 'språkplanlegging' meiner eg all offentlig befatning med språkforholda i eit

samfunn, altså alle former for systematisk språkstyring. 'Normering' og 'standardisering' er nokolunde synonyme omgrep for å fastlegge normer for korrekt eller akseptabel språkbruk (primært skriftspråkbruk). 'Kodifisering' tyder om lag det same. Denne omgrepsbruken er nokolunde i samsvar med terminologien i Vikør 1988. Frå han har eg saksa denne modellen som vonlig kan verke klargjørande når det gjeld omgrepsbruken:

Fig. 1.




Emnet mitt er «prinsipp og ideologiar bak norsk rettskrivingsnormering». Med 'rettskrivingsnormering' meiner eg, i samsvar med norsk tradisjon, normering av ikkje bare ortografi, men og av morfologi og syntaks, i den grad syntaks er gjenstand for offentlig normering.

Det kan vere fruktbart å skilje mellom to prinsipielt motsette ideologiske standpunkt til språkplanlegging, eitt som aksepterer at

språk må planleggast medvete, og eitt som ikkje aksepterer det. Vi kan sette dette opp i ein hierarkisk modell som i Fig. 2:

Fig. 2.



Føremålet med ein modell som denne er å freiste å vise korleis det synet ein har i eit konkret normeringsspørsmål heng saman med kva overordna syn ein har på normering generelt, og i siste instans, kva samfunnssyn eller politisk syn ein har. Momenta på det lågaste nivået i modellen har eg ikkje freista å ordne eller systematisere i høve til kvarandre. Dei er lista opp i nokså vilkårlig rekkjefølgje. Det kan òg tenkas at somme av dei like godt kan forsvare plassen sin i ei anna ideologisk gruppering enn den eg har plassert dei i.

Mitt eige utgangspunkt for å interessere meg for språknormering er ei oppfatning om at språkplanlegging og meir eller mindre kontinuerlig medvete skriftspråknormering er ein fordel for språkbrukarane i eit språksamfunn. Ein skulle tru at det er eit utgangspunkt som er sams for alle medlemmene i Norsk språkråd. Men slik er det neppe. Og her er vi ved eit sentralt punkt. I prosessen fram mot eit rettskrivingsvedtak taler ikkje Språkrådet med ei ideologisk røyst. Rådet er ein kakofoni av røyster. Attåt kjem sjølvsagt røystene i

sekretariatet. Dei er ikkje uviktige. Det skal vi komme attende til. På dette punktet er poenget at det fins grupperingar i Språkrådet som helst såg at så lite som mulig blir gjort av reell språkplanlegging. Avhengig av korleis ein definerer omgrepet språkplanlegging, er det mulig å argumentere for at riksmålsrørsla, som er godt representert i Språkrådet, bør plasseras i kategorien *-språkplanlegging*. Prinsipielt har som kjent riksmålsrørsla alltid argumentert for «fri språkutvikling», og dermed mot offentlige inngrep i språket og språkutviklinga. Så lenge dei heng fast i metaforikken om språk som «levande organisme», må dei vel argumentere slik prinsipielt. Levande organismar blir fødde, dei veks og utviklar seg og dør til sist. Slike utviklingsforløp kan pr definisjon ikkje planleggjas; derimot kan levande organismar, når dei først er fødde, røktas og vernas. Såleis kjem den svært aktive deltakinga til riksmålsrørsla i offentlig språkplanlegging i eit noko merkelig lys. Det har dei kanskje syntes sjølve òg, for eg har eit bestemt inntrykk av at den lingvistisk skolerte delen av riksmålsrørsla i mykje mindre grad enn tidligare bruker metaforar som «levande organisme» om språk og «fri» om den ønskte språkutviklinga der i garden. Skulle eg plassere riksmålsrørsla under den andre hovudgruppa i modellen min, ville det helst bli i den båsen eg har kalla *estetisk ideologi*. Både riksmålsfolk og tradisjonalistiske målfolk går godt inn her.

Som eit døme på korleis ulike omsyn spelar med i og verkar inn på den konkrete språkrådsnormeringa, kan eg nemne dei vedtaka som blei gjorde om samsvarsbøying av perfektum partisipp i nynorsk i 1981 og 1982. Til den vitskaplege delen av oppgåva hørte kartlegging og analyse av systemet i dialektane. Den delen av arbeidet blei gjort av Helge Sandøy. Da så det var gjort, og materialet som normeringa skulle bygge på, var samla inn og analysert, var tida kommen for at sekretariatet og fagnemnda i første omgang kunne sette opp alternativ og gjøre val mellom dei til framlegg for heile rådet, som i neste omgang skulle avgjøre saka. Vala stod mellom å halde oppe status quo, altså gjøre ingenting nytt, av omsyn til tradisjonen, eller å gjøre nynorsken presumptivt lettare for dei som ikkje har det tradisjonelle systemet i dialektane sine, ved å tillate eitt alternativt eller fleire alternative system i skriftlig nynorsk. Resultatet blei, som vi veit, og som så ofte elles, eit kompromiss mellom ulike

omsyn. Det tradisjonelle systemet blei halde oppe i læreboknormalen, mens eit nytt og ventelig forenkla system blei innført som alternativ i den utvida rettskrivinga. På den andre sida førte visse andre systemomsyn til at dei reglane som det nye systemet førte med seg, blei mange og kompliserte. I neste omgang, så seint som fire-fem år etter, i 1986, måtte ein dessutan regulere fordelinga av d og t i preteritum i visse linne verb, noko som kompliserte det heile enda meir. Det er grunn til å spørje om ein verkeleg oppnår det ein trur ein oppnår ved slike reguleringar, nemlig som her, ein enklare nynorsk som er lettare å lære. Dei pedagogiske fordelane ein ventar seg, har opplagt pedagogiske ulemper og også andre ulemper som biverknad. Bak eit vedtak som dette ligg det dessutan ein implisitt føresetnad om at lærarane i det minste kjenner til og helst også meistrar valfridomen i rettskrivinga, og at dei set seg inn i nye vedtak som blir gjorde. Denne føresetnaden held ikkje, dessverre. Og det er alvorlig. Språkrådet har her både eit informasjonsproblem og eit legitimeringsproblem som vi burde ta meir alvorlig enn vi gjør.

Spesielt normeringshistoria til nynorsken har ofte vore framstelt som eit spenningsfelt og ein kamparena mellom ein sosial og ein nasjonal ideologi. Denne motsetnaden er markert øvst i modellen under hovudpunktet *+språkplanlegging* og underpunktet *samfunns-messig/språksosial ideologi*. Motsetnadspar som nasjonalt-sosialt, etymologisk-ortofont, tradisjonalistisk-reformistisk, høgnorsk-folkenorsk (folkemål) har stått sentralt i den ideologiske språkdebatten. Dei same motsetnadene fins i ein viss monn også i normeringsstriden om bokmålet, rett nok med ein noko annan omgrepsbruk. Det sentrale motsetnadsparet her er tradisjonelt kontra folkelig. Heile den nyare norske normeringshistoria blir altså framstelt som ein kamparena for slike motsetnader. Det går att i mange bøker og artiklar om nyare språkhistorie (t.d. Haugen 1968, Almendingen m.fl.:1987, Jahr 1987 og Hanto 1986 som faktisk har ordet «ideologi» med i tittelen: *Ideologiar i norsk måltreising*). Det er gode grunnar for å gjøre desse motsetnadene til overordna motsetnadspar i norsk språkstrid, iallfall om utgangspunktet er politisk tankegods frå vårt hundreår. Som i anna historieskriving er det også mellom språkhistorikarar ein utbreidd tendens til å bruke omgrep og modellar frå eiga samtid i tolkinga av fortida (jf. Vikør 1990b:35 ff). Her vil eg likevel

oppkaste ein annan motsetnad til å vere overordna i høve til motsetnadsparet nasjonal-sosial eller ein annan variant av dette paret. Etter mitt skjønn kan og bør ein skilje mellom ein språkplanleggingsideologi som først og fremst baserer tilrådingane og normeringsframstøytta sine på ei instrumentalistisk tenking på den eine sida og ein ideologi som i høgare grad bygger på ein sosio-politisk eller like gjerne ein sosiolingvistisk analyse av dei språklige tilhøva i det aktuelle samfunnet. Dette skiljet er i utgangspunktet prinsipielt, men samstundes er dikotomien instrumentalistisk-språksosial fruktbar om vi ønskjer å forstå sentrale motsetnader i nyare norsk normeringshistorie, og om vi ønskjer å forstå konflikhtar om norsk språknormering i vår eiga samtid. Den instrumentalistiske ideologien ser på språk først og fremst som ein reiskap, ein reiskap for kommunikasjon, og dermed blir språkplanlegging, standardisering og normering reiskapar som skal tene til å forbetre kommunikasjonen. Nett som det er lettare å vere mekanikar om reiskapane ein har til rådvelde, er standardiserte, er det lettare å kommunisere om språket ein kommuniserer på, er standardisert. Har ein eit slikt syn, er ein lite villig til å problematisere konsekvensane av talemålsnormering i skolen t.d. Felles normer og standardar fremmar pr definisjon kommunikasjonen. Den norske tospråksstiasjonen må vere ein uting om ein ser instrumentalistisk på språk og språknormering. Stadige utfall i avisene mot sidemålsstilen kan tolkas i lys av dette. Talsfolk for eit slikt instrumentalistisk syn er det sikkert også i Språkrådet. Men den fremste språkinstrumentalist her til lands er Finn-Erik Vinje. Han har late seg inspirere av Valter Tauli, t.d. Tauli 1968, som Vinje melde svært positivt i tidsskriftet *Indogermanische Forschungen* i 1970. Ein nærast knusande analyse av Taulis syn på språkplanlegging gjev derimot Haugen 1971. Vinjes suksess seier nok ein del om utbreiinga av det språkideologiske synet hans både i det offentlege Noreg og mellom folk flest.

Den instrumentalistiske ideologien tar ikkje med i vurderinga den symbolske verdien eller den symbolske effekten val mellom ulike språk har i t.d. fleirspråksamfunn, eller val mellom ord og former innafor eitt og same språk. For det motsette synet derimot er *symbolverdi* eit sentralt stikkord. Eg vel å karakterisere dette synet som ei samfunnsmessig eller språksosial tilnærming til språkplanleg-

ging og språknormering, gjerne med *sosial* understreka, fordi utgangspunktet her ligg i ei sannkjenning og ei akseptering av at språkplanleggingsproblem er sosiale eller sosiopolitiske, eller i det minste har sosiale eller sosiopolitiske implikasjonar og konsekvensar. Heller enn å sjå det som si oppgåve å forbetre språket som instrument eller reiskap, ser tilhengarane av denne ideologien på språk som ein resurs som kan brukas i ein sosial eller demokratisk kamp, ein kamp for å forbetre det sosiale livet i samfunnet, ein kamp for å gjøre morsmålsopplæringa i skolen meir til eigentlig morsmålsopplæring, i tydinga hjartespåksopplæring o.a., ev. det stikk motsette, altså at ein ser på standardisering som eit middel til å halde oppe maktforholda i eit samfunn. Jamvel om desse to grunnleggande ideologiske syna har diametralt motsett verdiforankring, kan talsfolk for fløyane i konkrete normeringsspørsmål frå tid til anna vere samde. Det går fram av den hierarkiske oppbygginga av modellen ovafor. I konkrete rettskrivingsspørsmål kan begge partar t.d. vere samde om at fleirtalsprinsippet skal følgjas, eller at det er viktig å ta systemomsyn. At det kan vere pedagogisk fornuftig å velje den enklaste av to gjevne former, vil dei òg kunne semjas om. Derimot vil neppe ein instrumentalist legge vekt på at det kan vere viktig for enkeltmennesket å kjenne att eller å identifisere talemålsforma si i den skriftlige språkforma. Heller ikkje skulle ein tru at litterær tradisjon spelar stor rolle for ein med eit slikt generelt instrumentalistisk syn. Om dei to partane godt kan semjas i konkrete enkeltnormeringsspørsmål, er motsetnadene mellom dei fundamentale i overordna og generelle spørsmål. Og begge desse prinsipielle syna har sine talsfolk i Språkrådet. I mange spørsmål er det såleis duka for store og mest uoverkommelige konflikter.

Den tredje språkidologien har eg kalla estetisk. Her kjem alle slags venleiksideal knytte til språk og språkbruk inn. Da kan det kanskje verke merkelig å klassifisere *systemprinsippet* som estetisk prinsipp. Det skulle vel heller vere det mest opplagte vitskaplige prinsippet av alle, det einaste lingvistiske prinsippet så å seie. Men 'system' er ein problematisk term, fordi han både har eit vitskaplig fundament og kan fungere som noko som mest av alt minner om eit nyttingsobjekt. Ein skal ikkje ha lese mykje nyare språkhistorie før ein legg merke til at mange sentrale personar – det gjeld både



Aasen, Indrebø, Gjelsvik og andre – argumenterer mot systembrot med at det er disharmonisk og stygt, eller med ord med tilsvarende verdiladning, jf. t.d. ein term som «lappeteppesprog».

Eg antyda ovafor at eg har vanskelig for å skjønne kvifor riksmålsrørsla lar seg representere i eit offisielt språknormeringsorgan. Det er det overordna synet deires på språk og språkutvikling (og dei snakkar om *språkutvikling*, og ikkje om språkending) som gjev grunnlag for ei slik antyding. Derfor vil eg òg prinsipielt plassere dei i båsen for *-språkplanlegging*, subsidiært i gruppa *estetisk ideologi* under hovudgrupperinga *+språkplanlegging*. Andre språkpolitiske organisasjonar er ikkje så lette å plassere i modellen; *Noregs Mållag* t.d. har nok tilhengarar av ulike ideologiar som medlemmer. Dei andre grupperingane eg opererer med, dei med eit instrumentalistisk syn og dei med eit språksosialt, ser begge på språk som eit sosialt fenomen. For dei med eit språksosialt syn på normer og normering, er det trulig viktig å legge til at språk også er eit mentalt eller kognitivt system. Perspektivet på det sosiale er mykje snevrare hos instrumentalistane enn hos dei hine.

Ovafor har eg slått fast at måla for språkplanleggaren kan vere ulike; dei skiftar alt etter kva for språkpolitisk syn ein har. Og vi kan gjerne uttrykke det enda meir generelt: Måla – og midla – skiftar alt etter kva for allmennpolitisk syn ein har. Cooper hevdar at:

Indeed, it is hard to think of an instance in which language planning has been carried out solely for the sake of improving communication, where problems of communication are the only problems to be solved, or where the facilitation of communication is the only interest to be promoted. Language planning is typically carried out for the attainment of nonlinguistic ends such as consumer protection, scientific exchange, national integration, political control, economic development, the creation of new elites or the maintenance of old ones, the pacification or cooption of minority groups, the mass mobilization of national or political movements. In any war, one uses the ammunition at hand. If the modification of a language, or its use, or the promotion of its acquisition is perceived as

ammunition, such ammunition is likely to be fired.  
(Cooper 1989:34f.).

Cooper seier vidare at han er samd med Karam i at

regardless the type of language planning, in nearly all cases the language problem to be solved is not a problem in isolation within the region or nation but is directly associated with the political, economic, scientific, social, cultural and/or religious situation.

(Karam 1974:108).

Vikør 1988 grupperer og systematiserer dei ulike prinsippa for språkplanlegging som har vore framme i den nasjonale og internasjonale språkplanleggingsdiskusjonen (Vikør 1988:108–138). Han opererer med fire ulike grupper med undergrupper. Denne systematiseringa er her skissemessig gjengjeven i Fig. 3. Eg tar denne modellen med her fordi alle desse prinsippa har vore framme i den norske normeringsdebatten, i sterk eller svak grad.

Ei slik systematisering og gruppering er sjølvstøtt abstrakt. I praktisk normering glir dei ulike prinsippa over i kvarandre; somme står kvarandre gjensidig, andre står i direkte motstrid til kvarandre; somme av prinsippa kan stå som grunngeving for andre osv. Vikør seier sjølv at sjølve grunnholdningane til normering er å finne i punkt 4 i prinsippoppstillinga. Det er i tråd med det også Cooper 1989 hevdar. Det er den gjevne språksituasjonen i eit samfunn som set rammene for kva for prinsipp som i det heile kan verke.

Den siste delen av denne artikkelen skal handle om korleis desse abstrakte prinsippa har nedfelt seg praktisk og konkret i nyare rettskrivingsnormering. «Vogt-komiteen» er med rette kalla språkfredskomiteen. Og «språkfred» eller «språkforsoning» kan godt stå som overskrift og mål for mykje av det normeringsarbeidet som har vore gjort sidan Språkrådet blei oppretta. Løysinga på striden kring formålsparagrafen kan sjåas som eit døme på det. Han fekk ei utforming som alle kunne godta og dessutan tolke eller vektlegge i samsvar med eige syn. Språkfred rådde det òg da bokmålet gjekk gjennom ei ny reform i 1981. Trass i sterke motforestillingar frå

*Landslaget for språklig samling, Noregs Mållag, Landslaget for norskundervisning* og ei rad med universitetslærarar gjekk den nye rettskrivingsreforma samrøystes igjennom i Stortinget. Desse sterke motforestillingane blei bare dårlig spegla att i massemedia, så nokon offentlig strid å snakke om var det ikkje. Også det viser at språkspørsmåla her til lands er flytta frå den offentlige arenaen til ein getto for spesielt interesserte. Så svært mykje strid har det heller ikkje vore om denne saka i ettertid, jamvel om det er dokumentert at reforma har fått kraftige utslag i språket i lærebøkene, noko som det eksplisitt låg i føresetnadene frå styremaktene at ho ikkje skulle få. Jf. Eknes 1988. Om Cooper har rett i at all språkplanlegging primært har ikkje-språklige mål for verksemda, og det trur eg han har, vil eg hevde at «språkfred» implisitt har vore det overordna språkpolitiske målet for styremaktene heilt sidan 1960-talet. Norsk språkråd er sett til å administrere denne språkfreden, og så lenge vi det gjør, får vi arbeide i fred. Språkrådet er slik organisert at det er all grunn til å rekne med at rettskrivingsvedtak som går gjennom der, stort sett vil bli aksepterte i samfunnet utafør. Etter saksførebuing i sekretariatet og førebels behandling i fagnemnda, skal endelig vedtak gjørast i rådet, anten i samla råd når saka gjeld begge målformene, eller i ein av seksjonane omsaka bare gjeld den eine målforma. Derfrå går saka vidare til departementet, og til Stortinget i store reformsaker som t.d. bokmålsrettskrivinga av 1981. I rådet er så å seie alle språkpolitiske grupperingar representerte. Såleis blir alle på eit vis ansvarlige, eller ein kunne like gjerne seie at ingen blir det. Den største og mest kontroversielle saka Språkrådet har behandla til no, er som nemnt, endringa av bokmålsrettskrivinga i 1981. På den eine sida blei vedtaka i denne saka gjorde utan at det føreåt var gjort språklige undersøkingar som kunne gje grunnlag for framlegga til vedtak. Såleis fans det ikkje noko reelt faglig eller vitenskaplig grunnlag for vedtaka. På den andre sida var det nettopp fagfolka daverande KUD-minister Einar Førde gøymde seg bak da han – med sterke atterhald – sjølv gjekk inn for reforma og rådde til at Stortinget skulle vedta ho. Og no i ettertid kan fagfolk seie at vedtaket var politisk og ikkje språkfaglig grunngeve; det blei gjort av eit samrøystes Storting. Såleis skjer det ei form for pulverisering av ansvar gjennom sjølve den formelle vedtaksprosedyren. Det er den

Fig. 3.

1. Interne språklige prinsipp
  - A. Eintydigheit
    - a) Ortofoni
    - b) Morfologisk eintydigheit
    - c) Leksikalsk eintydigheit
  - B) Enkelheit
  - C) Kortheit
  - D) Det etymologiske prinsippet
  - F) Nyanserikdom
  - G) Logikk
  - H) Stabilitet
  - I) Fastheit
2. Prinsipp som går på forholdet til andre språk eller språkvarietetar
  - A) Tilnærming eller tilpassing
  - B) Reaksjon (purisme)
3. Prinsipp som går på forholdet mellom språket og språkbrukarane
  - A) Fleirtalsprinsippet
  - B) Valfriheitsprinsippet
  - C) Prestisjeprinsippet
  - D) Motprestisjeprinsippet
  - E) Støyfriheitsprinsippet
  - F) Omveltingsprinsippet
  - G) Ususprinsippet
  - H) Det estetiske prinsippet
  - I) Rasjonaliseringsprinsippet
  - J) Eufemismeprinsippet
4. Prinsipp som er avleidde av generell samfunnsideologi
  - A) Nasjonalisme
  - B) Tradisjonalisme
  - C) Demokrati, jamlikheit
  - D) Liberalisme
  - E) Anarki

(Jf. Vikør 1988:108–138).

lettaste sak i verda å peike på manglande samanheng og konsekvens i reforma. Eitt døme får vere nok her. Det er tillate å skrive *mave*, men ikkje *farve*. Slikt lar seg ikkje grunngje, korkje ut frå det eine eller det andre prinsippet.

Det har bare hendt éin gong at departementet ikkje bare har strødd sand på rettskrivingsvedtaka frå Språkrådet. Det var i 1984, da departementet stilte spørsmål ved somme av vedtaka som rådet hadde gjort. Mellom anna kunne dei ikkje akseptere skrivemåten <fait> og <faite>, heller ikkje framlegget om å skrive <resurs> med ein s. Resultatet blei for det siste ordet valfri skrivemåte, med ein eller to s'ar i midten. Og vil ein absolutt bruke ordet 'fight' på norsk, må ein skrive det <fight>.

Etter mitt syn har det som har komme av seriøs kritikk mot rettskrivingsvedtak Språkrådet har gjort, komme frå fagfolk som sjølv ikkje sit i Språkrådet. Det er rett å hevde at mange av dei rettskrivingsvedtaka som er gjorde i nyare tid, har ført til at den indre systematikken i målet er blitt skipla (jf. t.d. Vikør 1988:149 f.). Bokmålsreforma av 1981 er alt karakterisert som laus og vekslende. Dette gjeld like mykje nynorsken, som starta som eit mål med ein klar og konsistent indre systematikk og samanheng, som ettertida gjennom den stegvise normeringa gradvis har brote ned. Om dette er bare uheldig, er eit spørsmål for seg. Eg er ikkje så viss på at streng indre samanheng ivaretar anna enn estetiske omsyn. Det synet speglar seg og av i modellen min i Fig. 2. Eg trur at ei gradvis skipling av ein opphavlig indre samanheng har vore ein heilt nødvendig konsekvens av sjølv organiseringa og institusjonaliseringa av offentlig språkplanlegging her til lands. Så lenge Språkrådet, noko ulikt samansett frå periode til periode, for ikkje å seie frå rådsmøte til rådsmøte, samstundes taler både for fastheit og samanheng og indre konsekvens på den eine sida og variasjon og valfridom på den andre, for omsynet til skriftspråktradisjonen på den eine sida og for talemålsnærleik på den andre, må det nødvendigvis bli slik det har blitt. Detaljar i rettskrivinga kunne sikkert sett annleis ut, men hovudtendensane ville neppe vist eit anna mønster om det hadde vore andre personar som hadde gjort det språkfaglige arbeidet i sekretariatet og fagnemnda, eller som hadde avgjort sakene i rådet.

Ut frå dette har det derfor blitt meir og meir av eit paradoks og

dilemma for meg at Språkrådet har ein styringsstruktur som skil mellom språkfaglig arbeid og språkpolitisk arbeid reint organisatorisk. Styret har det språkpolitiske som sitt domene; fagnemnda det eksplisitt faglige; det ligg i sjølve namnet. Dette skiljet er sjølv sagt fiktivt og fører derfor somtid til kompetansestrid mellom styre og fagnemnd. *Det* er til å leve med. Verre er det at skiljet gjev skin av at ein faktisk *kan* skilje mellom språklige og språkpolitiske avgjerder. Slik det no er, blir det faktisk referata, om dei kjem frå styremøtet eller fagnemndmøtet, som blir prøvesteinen på om ei sak er språklig eller språkpolitisk. Mest ironisk er det i denne samanhengen at der det har vore direkte kamp ved vala til styringsorgana i Språkrådet den tida eg har sete der, har det nettopp vore til fagnemnda. Valkampen har stått i bokmålsseksjonen, mellom samnorskrepresentanten Geirr Wiggen og riksmålsrepresentanten Tor Guttu. Dette har i denne perioden løyst seg ved at bokmålsseksjonen har valt Wiggen til leiar, mens Guttu har sete i fagnemnda. Valet av Wiggen kan tolkas på minst to måtar. Ein måte er å sjå det som ein måte å nøytralisere det språkpolitiske engasjementet hans på. Ei anna og kanskje rimeligare tolking går ut på at normerings- og standardiseringsarbeidet i fagnemnda ikkje er sett på som så viktig som tidligare. Derfor er det heller ikkje lenger så viktig å slåss for ein plass for Wiggen der. Han kan bruke kreftene sine betre i ein styreposisjon, og særleg som leiar av bokmålsseksjonen.

Ei anna side ved organiseringa av normeringsarbeidet i Språkrådet som er med på å forklare at det blir som det blir, har å gjøre med kva slags spørsmål som kjem opp og korleis dei kjem opp. Det kan verke noko tilfeldig. Det er sekretariatet som førebur saker for fagnemnda. Det vil seie at det ofte er frå sekretariatet at initiativet til ei rettskrivingsendring kjem, og det er i sekretariatet at premisane blir lagde for korleis saka skal handsamas vidare, kva alternativ som blir vurderte osv. Korleis ei sak dukkar opp i sekretariatet, er sjølv sagt noko ulikt. Mens *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* var under arbeid, kom det opp ei rad rettskrivingsaker i samband med dei. Det kunne gjelde hol i normene, inkonsekvensar, mangel på samsvar mellom bokmål og nynorsk der det er heilt unødvendig o.a. Slikt kjem opp også på anna vis, gjennom lærebokgransking, frå ordlisteforfattarar, som spørsmål frå publikum o.a. Enkeltmedlemmer

i fagnemnda eller i rådet kan sjølvst og ta initiativ til at eit rettskrivingspørsmål blir tatt opp. Det skjer, så vidt eg veit, relativt sjeldan.

At det jamne normeringsarbeidet går føre seg på ein slik måte, kan kanskje verke nokså tilfeldig. Ved dei store rettskrivingsreformene har sjølvst framgangsmåten i arbeidet vore annleis og meir systematisk. Det har ikkje nødvendigvis ført til meir systematiske eller konsistente rettskrivingsvedtak, veit vi. Dette viser iallfall ein ting: at sekretariatet har nokså stor språkpolitisk innverknad på det som skal skje eller ikkje skje. Rådsmedlemmene er sjølve nokså misnøgde med at dei har så liten innverknad på arbeidet. I regelen er det rådsmøte bare ein gong i året. Da er det ikkje å vente at den endelige voteringa over rettskrivingsframlegga alltid går føre seg på ein måte som ber bod om at grunnlaget for avrøystinga er avklara prinsipielt og ideologisk hos den enkelte. Frå og med inneverande periode prøver vi ut ei ny ordning der vi samlar opp alle rettskrivingsvedtaka til det siste rådsmøtet i perioden. Det møtet vil vi ha om godt og vel eitt år, så førebels har vi ingen røymsler med ordninga. Fagnemnda har sjølvst røynt noko om korleis det er å skulle arbeide med rettskrivingssaker som ikkje vil få noka endelig løysing før tre-fire år fram i tida.

Noko anna som òg bør nemnas, er at Språkrådet no gjør ein del av det normeringsarbeidet som ordlisteforfattarane før tok seg av, t.d. å justere genus på substantiv. Den tilfeldige praksisen vi har med omsyn til genusmarkering i ordlister, er etter mi meining uheldig – og unødvendig. Så langt eg kan sjå, er det meir eller mindre tilfeldig kva for substantiv som blir førte opp med valfritt genus (val mellom to eller alle tre genera) og kva for substantiv som får fastsett eitt og bare eitt genus. Somtid tar ein omsyn til genusvekslinga i dialektane, somtid ikkje; somtid tar ein omsyn til den andre målforma, somtid ikkje. Dette er eit område der ein etter mitt skjønn nokså enkelt kunne gjøre ei generaloppydding ein gong for alle. Da eg sat i fagnemnda, gjekk det mest ikkje eit møte der vi ikkje hadde oppe ei slik genussak. Kvar gong foreslo eg at dette burde vi drøfte prinsipielt. Mitt prinsipielle syn er at vi burde føre opp bare eitt genus på enkeltsubstantiv i ordlister og ordbøker. Men det bør vere fritt fram for elevar – og andre – å følgje talemålet sitt i det dei skriv,

i nynorsk sjølv sagt om dei har eit talemål med tre genera. Dette kunne ein ha opplysningar om i innleiinga til ordlistene, nett på same måten som det står at ein som bruker kløyvd infinitiv, kan fordele -e og -a etter systemet i dialekten. Ei slik reform ville forenkle rettskrivinga og samstundes gjøre ho meir konsistent, utan at det ville føre til altfor store problem i norskopplæringa.

Gjennom dei åra Norsk språkråd har eksistert, har valfridomen auka monalig i begge normalane. For bokmålet har tendensen gått i retning av å ta inn tradisjonelle former som tidligare ikkje var tillatne i offisiell rettskriving. Dette kulminerte i bokmålsrettskrivinga av 1981. Sjølv sagt fins det døme på det motsette òg, at såkalla «radikale» former har fått innpass i normalen, men det endrar ikkje hovudinntrykket. Leia bokmålet har vore styrt i, har stort sett lege på same tradisjonelle kursen. Normeringa av nynorsken har ikkje følgt same klare mønsteret, jamvel om det fins mange døme på at tradisjonelle former har fått innpass eller oppvurdert statusen sin i normalen. *Me* er t.d. blitt jamstelt med *vi* som hovudform (1983), [*annen*] og [*hennes*] er blitt reduserte til *l*-lammerformer (1985), det same gjeld skrivemåten med 'å' i ord som [*dråpe*] og [*tåle*] (1983). Mange vil vel òg meine at reguleringa av *d* og *t* i preteritum av visse linne verb går i same retninga, men det kan ein nok diskutere. På den andre sida har ikkje konservative nynorskfolk fått gjennomslag for krava sine om å gje lærebokstatus til ei rad *i*-målsformer, slik dei har kravd. Reguleringa av samsvarsbøyinga i 1981 og -82 peiker heller ikkje i noka konservativ lei. Å arbeide fram fellesformer i bokmål og nynorsk er ikkje lenger eit så tydelig mål som det var for Språknemnda, jamvel om det framleis i somme saker blir tatt omsyn til det. Ei rad framlegg frå *Landslaget for språklig samling* fall ved rådsbehandlinga i 1984. Det galdt t.d. framlegget om å tillate ikkje-omlydte former i presens av visse sterke verb, som *kommer* og *sover*, tillate infinitivformer som *tas*, *gis*, *bes*, tillate -*ent* som jamstelt form ved sida av -*e/-i* i inkjekjønn av adjektiv på -*en*, jamstelle *tar - tatt*, *drar - dradd/-tt*, *lar - latt* med dei tilsvarende sterktbøygde formene, jamstelle *Norge* med *Noreg*. Heller ikkje eit ønske om å forenkle pronomensystemet i nynorsk fekk fleirtal. Det gjekk ut på å innføre former som [*dokk(er)*] i 2.p.pl. av det personlige pronomenet, både i subjekt- og objektform, subsidiært å godta [*dykk*] i



subjektform. Systema i bokmål og nynorsk i fleirtal av det dei personlige pronomena ser nokså merkelige ut om vi jamfører dei. I 1. person skil begge målformene mellom ei subjektform og ei oblik form; i 2. person gjør nynorsk det same, men ikkje bokmål; i 3. person er det bokmål som held oppe kassuskiljet, mens nynorsk har samanfall:

vi	oss	t	vi/oss
dere	dere	t	de/dykk
de	dem	t	dei/dei

I *Språklig samling* 4/84 forslø Rolf Theil Endresen ei oppmjuking av systemet i 3. person i bokmål med *de* og *dem* som vaiformer i subjekt- og objektforn og *deres* sidestilt med *deres* som eigeform. Etter det eg veit, er dette aldri blitt fremma for Språkrådet. Derimot er eit framlegg frå Arne Torp om at pret. former som *skøyt* og *brøyt* skal godtakas i begge normalane, avvist av fagnemnda i 1988. I det ligg at saka dermed ikkje vil bli reist for rådet. Det same gjeld framlegget hans om å godta former som *høl* og *køl*, og *hue*, jf. tittelen på artikkelen hans frå 1988 «Hu skøyt høl i huet». Dessutan gjorde han framlegg om at ein skulle ta inn partisippformer som *biti* og *skrivi* i bokmål. Heller ikkje det framlegget blei tilrådd av fagnemnda.

Årsmøtet for 1988 gjorde eit vedtak som kan tolkas som ei nyorientering frå Språkrådet si side. Etter lang tids intern strid og tautrekking i fagnemnd og styre og mellom Språkrådet på den eine sida og RVO og Grunnskolerådet på hi sida, vedtok Norsk språkråd å ikkje lenger aktivt motarbeide generaliserande bruk av pronomenet *ho*, dvs. ein vedtok å akseptere slik bruk i godkjenningspliktige lærebøker. Tidligere hadde ein nok oppmoda andre om å bruke kjønnsnøytrale omgrep, også før Språkrådet sjølv skifta ut nemninga *formann* med *leiar*, men dette er første gongen at Norsk språkråd har gjort eit klart vedtak for språklig likestilling mellom kjønna. I det ligg òg ei akseptering av at språkplanlegging har eller kan ha kjønnspolitiske og likestillingspolitiske konsekvensar.

Eg sa ovafor at Språkrådet taler med ein kakofoni av røyster. Språknemnda var slik sett mykje meir samstemt. Det låg i mandatet dei hadde, og også i medlemsamansettinga. Ut frå det er det òg

mykje lettare å sjå samanhengande prinsipp og ein klar ideologi bak rettskrivingsarbeidet til Språknemnda. Vil ein gjøre seg lystig over Språkrådet, kan ein avvise heile spørsmålet om prinsipp og ideologi med å seie at «sådana djur» som prinsipp og ideologi «fins inte» i Norsk språkråd. Der fins bare tilfeldig og vilkårlig handsopprekking for eller mot *mave*, for eller mot *farve*, for eller mot *flyndra* eller *flyndren* osv. Propagandaen mot Språknemnda hadde som resultat at det i store folkegrupper blei vanskelig å legitimere behovet for ei særskild språkplanlegging og ei særskild rettskrivingsregulering på norsk. Det igjen førte til at den underliggende verdiforankringa Språkrådet fekk, var knytt til eit ønske om fred og forsoning om rettskrivinga. Det igjen kan sjåas i ein større politisk samanheng, der ideologisk trøyttleik, ritualisering av demokratiske institusjonar og pluralistisk likesæle kan stå som stikkord. Willy Dahl har spådd at det i 90-åra vil oppstå ein ny språkstrid. Det er all grunn til å tolke det som eit uttrykk for håp og optimisme.

## Referansar og annan litteratur:

- Almenningen, Olaf m.fl. (red.) 1987 (3.utg.): *Språk og samfunn gjennom tusen år*. Oslo-Bergen-Stavanger-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Cooper, Robert L. 1989: *Language Planning and Social Change*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Eknes, Ingvild 1988: *Valfridommen i læreboknormalen for bokmål – fridom for kven?* Hovudfagsoppgåve i nordisk språk, ISL, Universitetet i Tromsø.
- Endresen, Rolf Theil 1984: «De – dem – deres. Forslag til ei oppmjuking», *Språklig Samling* 4, 12–13.
- Endresen, Rolf Theil 1990: «Forslag til en samnorsknormal», *Språklig Samling* 2, 7–14.
- Fasold, Ralph 1984: *The Sociolinguistics of Society*. Oxford: Basil Blackwell.
- Fishman, Joshua A. (red) 1974: *Advances in Language Planning*. The Hague: Mouton.
- Hansen, Erik og Peder Skyum-Nielsen (red.) 1979: *Sprognormer i Norden*. NyS 12, København: Akademisk forlag, Universitetsforlaget i København.
- Hanto, Kristian Ihle 1986: *Ideologiar i norsk måltreising*. Oslo: Novus.
- Haugen, Einar 1968: *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar 1971: «Instrumentalism in language planning», Rubin & Jernudd 1972, 281–89.
- Hellevik, Alf 1979: «Attersyn på arbeidet til Norsk språknemnd».
- Hellevik, Alf 1979: *Språkrøkt og språkstyring*, Oslo: Det Norske Samlaget, 172–84.
- Hellevik, Alf 1979: «Den langvarige dragkampen om hokjønn», i Hellevik, Alf 1979: *Språkrøkt og språkstyring*, 230–38.
- Jahr, Ernst Håkon 1987: «Språkutviklinga etter 1814. Språkstrid og språkplanlegging»,
- Johnsen, Egil Børre 1987: *Vårt eget språk I*, Oslo: Aschehoug, 66–137. Karam, Francis X. 1974: «Toward a definition of language planning», Fishman (red.) 1974, 103–24.
- Lundeby, Einar 1978: «Om prioritering i norsk språknormering»,

- Papazian, Erik og Vigdis Ystad (red.) 1978: *Språk og tekst*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget, 172-81.
- Milroy, James og Lesley Milroy 1985: *Authority in Language. Investigating Language Prescription and Standardisation*. London og New York: Routledge & Kegan Paul.
- Norsk språknemnd, årsmeldingar 1962-71.
- Norsk språkråd, årsmeldingar 1972-89.
- Rajic, Ljubisa 1988: «Language planning: theory and application», Radovanovic, Milorad (red.): *Yugoslav General Linguistics*, Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins, 301-19.
- Rubin, Joan og Björn H. Jernudd (red.) 1971: *Can Language Be Planned?* The University Press of Hawaii.
- Skadberg, Kåre 1987: «Prinsipp som er lagde til grunn for normeringa av nynorsk det siste tiåret», Bull, Tove, Ernst Håkon Jahr og Geirr Wiggen (red.) 1987: *Mål og medvit. Heidersskrift til Kjell Venås på 60-årsdagen*. Oslo: Novus, 181-209.
- Språknytt*, meldingsblad for Norsk språkråd 1973-90.
- Tauli, Valter 1968: *Introduction to a Theory of Language Planning*. Uppsala: Alquist & Wiksell.
- Teleman, Ulf 1979: *Språkkrätt*. Lund: Liber.
- Torp, Arne 1988: «Hu skøyt høl i huet», *Språklig Samling* 4, 6-9.
- Vannebo, Kjell Ivar 1980: «Språklig norm og språklig normering», *Tijdschrift voor Skandinavistiek*, Amsterdam, 3-22.
- Venås, Kjell 1982: *Mål og miljø*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 1988: *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 1990a: «Språkfeil og språkfeil, fru Blom», *Eigenproduksjon* 36, s. 26-28.
- Vikør, Lars S.: 1990b: «Liner i nyare norsk språkhistorie», *Eigenproduksjon* 37. 1-116.
- Vinje, Finn-Erik 1970: Melding av Tauli 1968, *Indogermanische Forschungen* 75, 248-53.
- Vinje, Finn-Erik 1976: *Språkplanlegging. Mål og metoder*. Trondheim.